



KYSTVERKET

Vest

STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2017/315-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
09.02.2017

### **Fråsegn til melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid - FV. 57 Lindås tettstad - Lindås kommune - Hordaland**

Syner til brev, datert 12.1.2017, vedkomne ovannemnte.

Me kan ikkje sjå at ei utviding av plangrena vil ha noko særleg negativ påverknad på sjøverts ferdsle. Ynskjer å minne om at alle tiltak i sjø eller tiltak som kan påverke framkome eller sikkerheit i sjøområda krev løyve etter hamne- og farvasslova. Det er Bergen og Omland hamnevesen som er myndigheit her.

Kystverket har ingen merknader utover dette.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

#### Region Kystverket Vest

---

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

**Fra:** Annette Tvedt <AT@linkarkitektur.no>  
**Sendt:** 10. februar 2017 17:12  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Kopi:** Rolf Maurseth  
**Emne:** Saksnummer 17/3335. Merknad  
**Vedlegg:** Saksnr 17-3335 merknad.pdf

Vedlagt oversendes merknad til «Melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad. Plan ID 1263-201407.»

Med vennlig hilsen

**Annette Tvedt**

Telefon dir +47 90 74 76 89

**Statens vegvesen Region Vest**

Askedalen 4

6863 Leikanger

e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Att.: Kjersti Myre

Deres ref: Saksnummer 17/3335-001

Dato 10.02.2017

## **MERKNAD TIL SAKSNR 17/3335**

Det vises til Melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad. Plan ID 1263-201407.

**Planområdet innbefatter gnr/bnr 116/17.**

**Hjemmelshavere: Annette Tvedt og Rolf Maurseth**

**Eiendommen består av garasje og biloppstillingsplasser.**

Som eiere av hytte på gnr/bnr 120/7 som ligger på en halvøy uten vegforbindelse er vi helt avhengig av garasje og biloppstillingsplasser på «landsiden». Dersom planarbeidet berører gnr/bnr 116/17, ved at eiendommen må benyttes for å realisere ny gang og sykkelveg langs fv. 57, må det derfor avsettes tilsvarende areal i planen, oppføres ny garasje og etableres nye biloppstillingsplasser i samme område.

Med vennlig hilsen



**Annette Tvedt**  
Tlf 90 74 76 89



**Rolf Maurseth**  
Tlf 91 56 86 17

Adresse  
Hellebakken 18 C  
5039 Bergen

**Statens vegvesen Region Vest**

Askedalen 4

6863 Leikanger

e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Att.: Kjersti Myre

Deres ref: Saksnummer 17/3335-001

Dato 10.02.2017

## **MERKNAD TIL SAKSNR 17/3335**

Det vises til Melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad. Plan ID 1263-201407.

**Planområdet innbefatter gnr/bnr 116/17.**

**Hjemmelshavere: Annette Tvedt og Rolf Maurseth**

**Eiendommen består av garasje og biloppstillingsplasser.**

Som eiere av hytte på gnr/bnr 120/7 som ligger på en halvøy uten vegforbindelse er vi helt avhengig av garasje og biloppstillingsplasser på «landsiden». Dersom planarbeidet berører gnr/bnr 116/17, ved at eiendommen må benyttes for å realisere ny gang og sykkelveg langs fv. 57, må det derfor avsettes tilsvarende areal i planen, oppføres ny garasje og etableres nye biloppstillingsplasser i samme område.

Med vennlig hilsen



**Annette Tvedt**  
Tlf 90 74 76 89



**Rolf Maurseth**  
Tlf 91 56 86 17

Adresse  
Hellebakken 18 C  
5039 Bergen



## Statens vegvesen

Firmapost-Vest

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/3335-20

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.02.2017

### **Fv. 57 Lindås tettsted – Mongstad – Reguleringsplan – Om utvida plangrense – PlanID 1263-201407**

Vi viser til melding om utvida plangrense for pågåande planarbeid for fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad.

Føremålet med planen er å sikre tilstrekkeleg areal for å kunne etablere ein samanhengande gang- og sykkelveg langs fv. 57. Utbetring av fylkesvegen og avkøyrlesanering på strekninga inngår òg i prosjektet. Planarbeidet og føremål med planen vart varsla i 2015.

Utvidinga av varsla plangrense har samband med trong for anleggsbelte, rigg- og deponiområde samt justeringar av tilkomstvegar. Planområdet vert venteleg innskrenka når tiltaket er detaljteikna.

Statens vegvesen er samd med planens føremål og omsyna bak den utvida plangrensa.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø



**Fra:** Ottar Lauvås <ottar@lintrans.net>  
**Sendt:** 9. februar 2017 09:45  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Emne:** plan id 1263-201407

Gnr 116 brnr. 1 i Lindås.

Me ynskjer ny støyskjerming når hekken vert tatt vekk. Man burde sett på kva for kjøremønster man tenker på til veggen som me nyttar. Det burde også samtidig verta laga plass til eit lenge etterlengta busstur.

Med venleg helsing

Ottar Lauvås

Lindås Transport A/S

Mongstadvegen 443 5955 Lindås

Tlf 900 42 100

**Fra:** Knut Kårdal <knut@psw.no>  
**Sendt:** 13. februar 2017 08:06  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Emne:** Saksnummer 17/3335  
**Vedlegg:** Skannet på Xerox Mongstad 3.etg..pdf

Hei,

Har motatt varsel om utviding av plangrense i forbindelse med planarbeid FV.57 Lindås tettstad - Mongstad Undertegnede er eier av eigedom 108-5 og 108-60 og i kart som viser utvidet plangrense er en del av eigedomene kommet inn i Nord.


I dette området er i kommuneplan satt av ca. 45 mål til Næringsområde, se vedlagt skisse.

Det må i arbeid med planlegging av gang og sykkel vei tas hensyn til fremtidig utvikling av dette området til Næring slik at ikke plassering av gang og sykkel vei er til hinder for det.

Med Vennlig Hilsen

Knut Kårdal  
Veråsvegen 640  
5955 Lindås  
Mobil: 95 94 09 06





Skogsenden

Grønfjellet

Hesthaugen

Kolås

Grønfjella

108/5

Nøring  
ca 45 da

ca 200 m

125  
100

Keilås

Lynghaugen

Plalagt i

108/60

108/5

jerje

Munkeberget

Kolås

Kvalen


Lindås

108/609

gardstunet

Ådnevika

36



Skogsenden

Grønfjellet

Hesthaugen

Kolås

Grønfjella

108/5

Nøring  
ca 45 da

ca 200 m

125  
100

Keilås

Lynghaugen

Plalagt i

108/60

108/5

jerje

Munkeberget

Kolås

Kvalen

Lindås

108/609

gardstunet

Ådnevika

36

**Fra:** Øyvind Hope <oyvindhope78@gmail.com>  
**Sendt:** 12. februar 2017 20:16  
**Til:** Firmapost-Vest; Myre Kjersti  
**Emne:** innspel til sak 17/3335  
**Vedlegg:** Innspel utviding av plangrense.docx; møteinkalling.docx

Innspel til sak 17/3335

Øyvind Hope

Til

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Kopi: Lindås kommune plan avdeling

Kopi: Lindås kommune byggesak avdeling

Kopi: Lindås kommune administrasjon

"Saksnummer 2014115979"

**Merknader til varsel om utviding av plangrense**

Hope 6. februar 2017

Me er grunneigarar på g.nr 126 br.nr 7 i Lindås kommune (1263).

Viser og til innspel me sendte inn i opp startfasen av prosjektet.

Ser at Statens Vegvesen (SV) no vil utvide plangrensa. Når me studerer kartet me fekk i 2015 såg det den gongen ut som husa våre låg utanfor grensa.

Ser no at SV har tegna grensa aust for husa.

Me krev at grensa vert flytta ned til FV57. I første omgang til å følgje eigedomsgrensa. Det er ikkje akseptabelt at SV ikkje skal utnytte det arealet de alt eig etter bygginga av FV57.

SV planlegg å leggja gang og sykkelvegen aust for fylkesvegen. Korleis har de då tenk å møta gåande og syklande frå Kjeilevegen?

Me er svært skuffa over måten SV arbeider.

På informasjonsmøte 29.01.2015 inviterte me dåverande prosjekleiar til dialog, dette gjorde me og skriftleg i innspelet me sende vedr. oppstart av prosjektet.

Gjentok dette per telefon til Tonje Vabø på hausten 2015.

Vårt intrykk er at SV ikkje ynskjer dialog. Dette har me snakka om per tlf, med ny prosjektleiar (Myre). (januar 2017).

Me har registrert at de har hatt synfaring på og ved vår eigedom utan at de har tatt kontakt.

Parallelt med dette innspelet har me sendt innkalling til møte og synfaring på vår eigedom. Me håpar på god dialog framover.

Med helsing

Liv Marit og Øyvind Hope

Litlåsvegen 72

5955 Lindås

e-post: [oyvindhope78@gmail.com](mailto:oyvindhope78@gmail.com)

tlf 91105270 / 47670313

vedlagt kart me fekk januar 2015



Kart av plangrense januar 2015

Statens vegvesen

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

”Saksnummer 2014115979”

Lindås kommune v/ planavdeling

Hope 13. febr 2017

**Innkalling til møte og synfaring vedr gang og sykkelveg fv. 57**

Me er grunneigarar på g.nr 126 br.nr 7 i Lindås.

Gang og sykkelvegen som no er under prosjektering vil berøra vår eigedom.

Statens vegvesen (SV) har blitt invitert til diaog både muntleg og skriftleg. Det verkar som om SV ikkje ynskjer dialog. Difor ser me at det er nødvendig med et møte om korleis denne utbygginga vil berøra vår eigedom.

Kaller derfor inn til møte og synfaring **mandag 6. mars 2017**, oppmøte **Litlåsvegen 72, 5955 Lindås kl 1400**. Bekreft oppmøte innen 24. febr 2017.

Agneda:

Statens Vegvesen informerer om sine planar.

Grunneigar legg fram sine synspunkt

Lindås kommune redegjør for gjeldende kommunedelplan.

Synfaring i terrenget.

Vurdering av arealet SV alt eig, og utnyttelsen av dette.

Med helsing Liv Marit og Øyvind Hope,

e-post: oyvindhope78@gmail.com

Litlåsvegen 72 , 5955 Lindås

tlf 91105270 / 47670313

Til

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Kopi: Lindås kommune plan avdeling

Kopi: Lindås kommune byggesak avdeling

Kopi: Lindås kommune administrasjon

"Saksnummer 2014115979"

**Merknader til varsel om utviding av plangrense**

Hope 6. februar 2017

Me er grunneigarar på g.nr 126 br.nr 7 i Lindås kommune (1263).

Viser og til innspel me sendte inn i opp startfasen av prosjektet.

Ser at Statens Vegvesen (SV) no vil utvide plangrensa. Når me studerer kartet me fekk i 2015 såg det den gongen ut som husa våre låg utanfor grensa.

Ser no at SV har tegna grensa aust for husa.

Me krev at grensa vert flytta ned til FV57. I første omgang til å følgje eigedomsgrensa. Det er ikkje akseptabelt at SV ikkje skal utnytte det arealet de alt eig etter bygginga av FV57.

SV planlegg å leggja gang og sykkelvegen aust for fylkesvegen. Korleis har de då tenk å møta gåande og syklande frå Kjeilevegen?

Me er svært skuffa over måten SV arbeider.

På informasjonsmøte 29.01.2015 inviterte me dåverande prosjekleiar til dialog, dette gjorde me og skriftleg i innspelet me sende vedr. oppstart av prosjektet.



Gjentok dette per telefon til Tonje Vabø på hausten 2015.

Vårt intrykk er at SV ikkje ynskjer dialog. Dette har me snakka om per tlf, med ny prosjektleiar (Myre). (januar 2017).

Me har registrert at de har hatt synfaring på og ved vår eigedom utan at de har tatt kontakt.

Parallelt med dette innspelet har me sendt innkalling til møte og synfaring på vår eigedom. Me håpar på god dialog framover.

Med helsing

Liv Marit og Øyvind Hope


Litlåsvegen 72

5955 Lindås

e-post: [oyvindhope78@gmail.com](mailto:oyvindhope78@gmail.com)

tlf 91105270 / 47670313

vedlagt kart me fekk januar 2015



Kart av plangrense januar 2015

Statens vegvesen

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

”Saksnummer 2014115979”

Lindås kommune v/ planavdeling

Hope 13. febr 2017

**Innkalling til møte og synfaring vedr gang og sykkelveg fv. 57**

Me er grunneigarar på g.nr 126 br.nr 7 i Lindås.

Gang og sykkelvegen som no er under prosjektering vil berøra vår eigedom.

Statens vegvesen (SV) har blitt invitert til diaog både muntleg og skriftleg. Det verkar som om SV ikkje ynskjer dialog. Difor ser me at det er nødvendig med et møte om korleis denne utbygginga vil berøra vår eigedom.

Kaller derfor inn til møte og synfaring **mandag 6. mars 2017**, oppmøte **Litlåsvegen 72, 5955 Lindås kl 1400**. Bekreft oppmøte innen 24. febr 2017.

Agneda:

Statens Vegvesen informerer om sine planar.

Grunneigar legg fram sine synspunkt

Lindås kommune redegjør for gjeldende kommunedelplan.

Synfaring i terrenget.

Vurdering av arealet SV alt eig, og utnyttelsen av dette.

Med helsing Liv Marit og Øyvind Hope,

e-post: oyvindhope78@gmail.com

Litlåsvegen 72 , 5955 Lindås

tlf 91105270 / 47670313

**Fra:** Jostein Hellestveit <joshelle@online.no>  
**Sendt:** 13. februar 2017 15:19  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Emne:** Saksnummer 17/3335

Hellestveit 13/2-17

Utvida plangrense FV 57 Lindås tettstad-Mongstad. Plan ID 1263-201407

Takk for nyttig synfaring 31/1.

Me ser at det kan vera behov for utvida plangrense nokre stader i forbindelse med prosjektet, men me vil i den samanhengen koma med nokre merknader.

Den nye plangrensa omfattar mykje av den fulldyrka jorda hjå oss, og me må difor ha ein konkret plan for kva arealet er tenkt nyttast til før me kan ta stilling til kva me kan godkjenna av tiltak innafor planområdet.

Ellers håpar me at vårt syn ved framføring av gang- og sykkelveg og utbetring av FV 57 forbi garden vår ( 122/2) vil verta imøtekomme.

Hovedkravet vårt er at driftsbygningen tett ved vegen vert innløyst/riven, då dette vil vera svært avgjerande for vidare drift av garden her.

Ved ei slik løysing vil framtidig hoveddriftsbygning liggja på same sida som dei dyrka areala, og behovet for kryssing av vegen vil verta minimal. Det vil med ei slik løysing også vera mindre aktuelt å byggja større undergang, og ein kan då unngå at vegen må hevast med inntil 2 meter.

Ei evt. heving av vegen vil også medføra meir støy ved husa og brattare skråningar på nedsida av vegen, noko som vil vera svært lite ynskjeleg.

Me trur ellers at vårt og lokale landbruksmyndigheter sitt syn kom godt fram på synfaringa, og me vil berre til sist nemna høgda på skjeringa nord for undergangen, som vart antyda kunne verta veldig høg ved vår løysing.

Den er ikkje særleg høg i forhold til andre skjeringar langs vegen, og vil, målt 5 meter inn frå dagens skjering, kun verta 1,5-2 meter høgare. Det er først når ein kjem over 15 meter inn at terrenget stig vesentleg.

Me håpar på eit vidare godt samarbeid.

Med helsing

Helga og Jostein Hellestveit



**Fra:** Arve Mongstad <a-mon@online.no>  
**Sendt:** 14. februar 2017 22:15  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Emne:** Fv.57 Lindås tettstad - Mongstad  
**Vedlegg:** Plan ID 1263-201407.docx

Me viser til informasjonen som er sendt ut vedkomande gang- og sykkelveg langs fv 57 frå Lindås til grensa mot Austrheim, Plan ID 1263-201407

Som oppsitjarar på Rossnes nord (gnr 117) er me særst urolege over dei inngrep som synest å kunna koma på tale for våre eigedomar i byggefasen. Det er svært kort avstand mellom noverande veg og husa nordaust for vegen, og eit deponi- og riggområde her vil vera ei stor belastning. Me bed difor om at det vert funne løysingar som ikkje, eller i minst mogeleg grad, er til ulempe for busetnaden her.

Me ser positivt på løysingar som kan betra trafikktryggleiken og framkomsten for mjuke trafikkantar på den ulukkes-utsette strekkja forbi oss. Me bed om at den vegløysinga som vert valt vert slik at ho vert til glede også for oss som har eigedom her både trafikkmessig, miljømessig og i høve til eigedomane våre. Dette er vonleg noko me får høve til å koma attende til seinare. Vegen er no særst tungt belasta, med stor støyplage for alle som bur langs vegen - særleg frå tungtrafikken. Me vonar at dette vert teke sterkt omsyn til i den vidare planlegginga både med omsyn til traseval og med støyskjerming.

Til sist vil eg berre nevne at etter mitt syn ville det beste vere å leggje ein heilt ny trassè fra Kolås krysset til vestom Tykkhellevatnet, vestom Jervågen og vest av Lauvåshøgda der ein kjem opp att ved Ramshelleren like nord om Hellestveit.

Denne løysinga vil føre til at all gjennomgangstrafikk vil gå utanom busetnad, og støyplaga vil bli borte. Samstundes vil den noverande vegen kunne nyttast som sykkelveg då trafikkbelastninga vil bli kraftig redusert, berre buss og lokaltrafikk blir tilbake. ( sjå strekninga Vågseidet – Lindås)

De er venta vidare auke av tungtrafikk til Mongstadrafineri og Mongstadbase. Støy frå veg er ei aukande miljøforureining som det idag blir sett meir og meir fokus på med tanke på skadeverknader.

Det er viktig at Lindås kommune tek dette på alvor, og gjer forhalda for dei som bur langs denne vegen best mogleg.

Det beste alternativet er difor å leggje vegen utanom all noverande busetnad som nevnt ovanfor.

(Truleg også det beste kostnadmessige alternativet på sikt.)

Med helsing

Alfhild Mongstad



Me viser til informasjonen som er sendt ut vedkomande gang- og sykkelveg langs fv 57 frå Lindås til grensa mot Austrheim, Plan ID 1263-201407

Som oppsitjarar på Rossnes nord (gnr 117) er me særst urolege over dei inngrep som synest å kunna koma på tale for våre eigedomar i byggefasen. Det er svært kort avstand mellom noverande veg og husa nordaust for vegen, og eit deponi- og riggområde her vil vera ei stor belastning. Me bed difor om at det vert funne løysingar som ikkje, eller i minst mogeleg grad, er til ulempe for busetnaden her.

Me ser positivt på løysingar som kan betra trafikktryggleiken og framkomsten for mjuke trafikkantar på den ulukkes-utsette strekkja forbi oss. Me bed om at den vegløysinga som vert valt vert slik at ho vert til glede også for oss som har eigedom her både trafikkmessig, miljømessig og i høve til eigedomane våre. Dette er vonleg noko me får høve til å koma attende til seinare. Vegen er no særst tungt belasta, med stor støyplage for alle som bur langs vegen - særleg frå tungtrafikken. Me vonar at dette vert teke sterkt omsyn til i den vidare planlegginga både med omsyn til traseval og med støyskjerming.

Til sist vil eg berre nevne at etter mitt syn ville det beste vere å leggje ein heilt ny trassè fra Kolås krysset til vestom Tykkhellevatnet, vestom Jervågen og vest av Lauvåshøgda der ein kjem opp att ved Ramshelleren like nord om Hellestveit.

Denne løysinga vil føre til at all gjennomgangstrafikk vil gå utanom busetnad, og støyplaga vil bli borte. Samstundes vil den noverande vegen kunne nyttast som sykkelveg då trafikkbelastninga vil bli kraftig redusert, berre buss og lokaltrafikk blir tilbake. ( sjå strekninga Vågseidet – Lindås)

De er venta vidare auke av tungtrafikk til Mongstadrafineri og Mongstadbase. Støy frå veg er ei aukande miljøforureining som det idag blir sett meir og meir fokus på med tanke på skadeverknader.

Det er viktig at Lindås kommune tek dette på alvor, og gjer forhalda for dei som bur langs denne vegen best mogleg.

Det beste alternativet er difor å leggje vegen utanom all noverande busetnad som nevnt ovanfor.

(Truleg også det beste kostnadmessige alternativet på sikt.)

Med helsing

Alfhild Mongstad

**Fra:** Kjell Åge Rosnes <M46377@statoil.com>  
**Sendt:** 15. februar 2017 08:02  
**Til:** Firmapost-Vest  
**Kopi:** kristin.nielsen@lindas.kommune.no  
**Emne:** Kommentarer vedrørende Plan ID 1263-201407

Me viser til informasjonen som er sendt ut vedkomande gang- og sykkelveg langs fv 57 frå Lindås til grensa mot Austrheim, Plan ID 1263-201407

Som oppsitjarar på Rossnes nord (gnr 117) er me sær s urolege over dei inngrep som synest å kunna koma på tale for våre eigedomar i byggefasen. Det er svært kort avstand mellom noverande veg og husa nordaust for vegen, og eit deponi- og riggområde her vil vera ei stor belastning. Me bed difor om at det vert funne løysingar som ikkje, eller i minst mogleg grad, er til ulempe for busetnaden her.

Me ser positivt på løysingar som kan betra trafikktryggleiken og framkomsten for mjuke trafikkantar på den ulukkes-utsette strekkja forbi oss. Me bed om at den vegløyisinga som vert valt vert slik at ho vert til glede også for oss som har eigedom her både trafikkmessig, miljømessig og i høve til eigedomane våre. Dette er vonleg noko me får høve til å koma attende til seinare. Vegen er no sær tungt belasta, med stor støyplage for alle som bur langs vegen - særleg frå tungtrafikken. Me vonar at dette vert teke sterkt omsyn til i den vidare planlegginga både med omsyn til traseval og med støyskjerming.

Med helsing

Kjell Åge Rosnes

Alfhild Mongstad

Oddbjørn Rosnes

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorised use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you

STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLODato: 16.02.2017  
Vår ref.: 2015/482-13  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 2017/3335-001

## Kulturminnefagleg fråsegn til utviding av plangrense for pågåande planarbeid Fv 57 Lindås tettstad-Mongstad - Lindås kommune

Viser til brev datert 12.01.2017 med melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid Fv 57 Lindås tettstad-Mongstad i Lindås kommune, og til vårt innspel til varsel om oppstart av planarbeidet datert 20.01.2015. Vi seier oss leie for sein tilbakemelding som skuldast tekniske problem hjå oss. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

### Arkeologisk registrering

Den 10.02.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det utvida planområdet. Då delar av planområdet har potensial for nye funn, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Arbeidsomfanget er rekna til 16 dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skiving av rapport. Registreringa vil verte utført ved maskinell flateavdekking og prøvestikking med spade. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil bli ført tilbake. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Vi minner om at tiltakshavar er økonomisk ansvarleg for eventuelle følgjeskader som følgje av våre undersøkingar. Dette gjeld til dømes øydelagde gjerde og dreneringsgrøfter, trong for såing samt tap av avling. Hordaland fylkeskommune vil varsle grunneigarane i forkant av undersøkinga. I varselet ber vi grunneigar ta kontakt med dykk når det gjeld eventuelle følgjeskader etter den arkeologiske registreringa.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid.

## Innspel i høve nyare tids kulturminne

Vi gjer merksam på at det er kjent fleire SEFRAK-registrerte bygningar innanfor planområdet. Desse må omtalast, verneverdien må vurderast og takast omsyn til i det vidare planarbeidet. Ein bør elles søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

## Innspel frå Riksantikvaren

I brev datert 10.02.2017 skriv Riksantikvaren:

*«Vi syner til oversending av 19.1.2017. Innspelet frå Riksantikvaren til melding om utviding av plangrense for pågåande planarbeid, fv 57 Lindås tettstad - Mongstad, Lindås kommune skal innarbeidast i Hordaland fylkeskommune si fråsegn. Direktoratet sitt innspel gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit, her automatisk freda kulturminne frå mellomalderen, Lindås kyrkjestad, Askeladden id nr. 84309-3.*

### Saka

*Statens vegvesen Region vest har varsla utviding av plangrense for pågåande planarbeid, fv 57 Lindås tettstad - Mongstad, Lindås kommune. Utvidinga gjeld i hovudsak behov for anleggsbelte, rigg - og deponiområde samt justeringar av tilkomstveggar.*

### Lindås kyrkjestad

*Noverande kyrkje vart bygd i 1865 på (gnr. 108) Prestegarden i sentrum av Lindås. Mellomalderkyrkja var bygd i stein, truleg på 1100-talet. Steinkyrkja sto noen meter aust for den noverande kyrkja. Mellomalderkyrkjegarden er delvis avgrensa av ein kraftig steingard. Etter 1865 vart heile dette arealet tatt i bruk til gravlegging, det var fylt på masser, og kyrkjegarden er seinare utvida mot nord. (Kjelde: kulturminnedatabasen Askeladden).*

### Kommentarar

*Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminner står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være tilbørlig skjemmaende, jf. kulturminnelovens § 3.*

*Planområdet ligg dels innanfor avgrensinga av kyrkjestaden. Plangrensa må flyttast slik at den ligg utanfor avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden og sikringssona. Vi foreslår at plangrensa vert flytta slik at gnr. 108, bnr. 522 ligg utanfor plangrensa. Dette arealet fungerer som buffersone for kyrkjestaden mot fylkesvegen.*

*Riksantikvaren vil understreke at kyrkjegarden frå mellomalderen er av nasjonal verdi. Reguleringsplanen må ta tilstrekkeleg omsyn til desse verdiane.*

*Vi minner om at Bjørgvin bispedømekontor er høyringsinstans og skal uttale seg i høve Lindås kyrkje.»*

## Innspel frå Bergens Sjøfartsmuseum

Bergens Sjøfartsmuseum skriv i e-post datert 27.01.2017:

«Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Fv 57 Lindås tettstad-Mongstad i Lindås kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - Fv 57 Lindås tettstad-Mongstad - Lindås kommune

Sakshandsamarar:

Arkeologi: Monika Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Nyare tids kulturminne: Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

# Budsjett arkeologisk registrering

## HORDALAND FYLKESKOMMUNE - FYLKESKONSERVATOREN

Saksnr.	2015/482	Saksbeh.:	Monika Serafinska
Prosjektnr.		Dato:	10.02.2017
Sted/ gård, kommune	Fv 57 Lindås tettstad-Mongstad, Lindås k.		
Tiltakshaver	Statens vegvesen Region Vest		
Adresse	Askedalen 4 6863 Leikanger		

LØNNSKOSTNADER				sos.utg.		
<i>timekostnader</i>	timer	à kr	direkte lønn		30 %	sum
Forarbeid	7,5	kr 265,38	kr 1 990	kr 597	kr	2 587
<i>Delsum</i>	8		kr 1 990	kr 597	kr	2 587
Feltarbeid	240	kr 265,38	kr 63 691	kr 19 107	kr	82 799
<i>Delsum</i>	240		kr 63 691	kr 19 107	kr	82 799
Etterarbeid	75	kr 265,38	kr 19 904	kr 5 971	kr	25 875
<i>Delsum</i>	75		kr 19 904	kr 5 971	kr	25 875
<b>Sum lønnskostnader</b>	323		kr 85 585	kr 25 676	<b>kr</b>	<b>111 261</b>

<b>Indirekte kostnader</b>	60 % av timekostnader	<b>kr</b>	<b>66 756</b>
----------------------------	-----------------------	-----------	---------------

DRIFTSKOSTNADER		antall	à kr		
Kost	32	kr 140,00		kr	4 480
Losji					
Reiseutlegg					
Leiebil el. tilsvarende	i 16 dager à 700 kr (inkl. drivstoff og bombengar)			kr	11 200
Sum reise, kost og losji				kr	15 680
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)			kr	17 802
<b>Sum driftskostnader</b>				<b>kr</b>	<b>33 482</b>

KJØP AV TJENESTER			
Gravemaskin	60 t à 1000 kr + flytting av gravemaskin à 5000 kr	kr	65 000
Annet teknisk utstyr			
<i>Delsum</i>		kr	65 000
Naturvitenskapliege analyser			
14C	3 x 14C-prøver à 4500 kr	kr	13 500
annet			
<i>Delsum naturvitenskap</i>		kr	13 500
Andre konsulent tjenester	Gravemelding	kr	1 200
<b>Sum kjøp av tjenester</b>		<b>kr</b>	<b>79 700</b>

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)			
Universitetsmuseet i Bergen		5 %	kr 5 563

<b>SUM BUDSJETT (maksimum)</b>	<b>kr</b>	<b>296 762</b>
--------------------------------	-----------	----------------

## Myre Kjersti

---

**Fra:** Ragnhild Jensen <jensenragnhild@outlook.com>  
**Sendt:** 31. januar 2017 18:31  
**Til:** Myre Kjersti  
**Emne:** Saksnummer 17/3335

Hei.

Jeg har hytte på Lauvås. Ser i brevet at plangrensen skal skrenkes inn, men det er veldig vanskelig utifra kartet å se akkurat hvor dere tenker å legge sykkelveien. Vil den bli liggende rett ved siden av hovedveien?

Mvh Ragnhild Jensen

Få [Outlook for Android](#)



## Myre Kjersti

---

**Fra:** Myre Kjersti  
**Sendt:** 2. februar 2017 13:32  
**Til:** 'Ragnhild Jensen'  
**Kopi:** Aarland Frode Moen; Nesheim Jorunn  
**Emne:** SV: Saksnummer 17/3335

Hei!

Fv. 57 er i reguleringsplanen oppgradert til en vegbredde på 10 m inkl. skulder (U-H4 vegklasse). Veglinjen følger stort sett dagens fylkesveg, men den er på enkelte strekninger justert noe. Gang- og sykkelvegen vil i stor grad følge fv. 57. Det er lagt inn et trafikkskille/rabatt mellom fylkesvegen og gs-vegen på 3 m i 80 sone og 1,5 m i 60-sone (gjelder kun ved Lauvås nord for brua).

Jeg ser av våre lister at du er eier av eiendom 117/32, se vedlagt kartutsnitt. Forbi hytten din ligger «ny» fv. 57 stort sett i dagens trasé. For å få plass til gs-vegen (på østsiden) må lokalvegen som går parallelt fv. 57 flyttes noe nærmere hytten din.



Med hilsen  
Kjersti Myre

**Seksjon:** Planseksjonen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
**Besøksadresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516219 **Mobil:** +47 95845168 **e-post/Lync:** [kjersti.myre@vegvesen.no](mailto:kjersti.myre@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

---

**Fra:** Ragnhild Jensen [mailto:jensenragnhild@outlook.com]  
**Sendt:** 31. januar 2017 18:31  
**Til:** Myre Kjersti <kjersti.myre@vegvesen.no>  
**Emne:** Saksnummer 17/3335

Hei.

Jeg har hytte på Lauvås. Ser i brevet at plangrensen skal skrenkes inn, men det er veldig vanskelig utifra kartet å se akkurat hvor dere tenker å legge sykkelveien. Vil den bli liggende rett ved siden av hovedveien?

Mvh Ragnhild Jensen

Få [Outlook for Android](#)

## Myre Kjersti

---

**Fra:** Olav-Kåre <olav-kaare.tykhelle@online.no>  
**Sendt:** 21. februar 2017 13:29  
**Til:** Myre Kjersti  
**Emne:** Angående bilskogsveg med avkjørsle fra 118/2  
**Vedlegg:** Vedlegg veivesen.pdf

Hei.

Viser til telefonsamtale angående at eg har fått vita at det er søkt om og godkjend mellombels avkjørsle fra gbr118/2.

I søknad er det blant anna argumentert for å bruke denne avkjørsle som felles avkjørsle for eigedommar på austside av vegen. Dette er ikkje ønskeleg for andre i området, og må ikkje vektleggast i vidare planprosess for RV 57 Lindås-Mongstad.

Mvh  
Olav-Kåre Tykhelle

Vedlagt søknad fra 118/2 med svar.



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)

## **Søknad om løyve for ny avkjørsel frå Fv59**

Karstein Stene og underteikna har teke initiativ til å få bygd ein bilskogsveg frå Tjukketla, gnr. 118 i Lindås kommune, via Rosnes gnr. 117 på austsida av Rossnesvågen til Tybergnes. Dette drøfta vi i møte med Statens vegvesen i Bergen 23.05.16. Vi har no utarbeida eit ny søknad med vedlegg frå *Medaas Oppmåling*.

Eg vil her kort grunngi at ein slik veg vil vere til nytte og gi nye muligheiter for mange grunneigarar i området. Vidare vil vi få ein sikrare avkjørsel enn det som finst i dag, frå fleire bustadhus og hytter på austsida av Fv.59

### **Vegutløyising for Tybergnes**

Denne garden er den einaste i Lindås kommune etter det eg veit, som ikkje har vegtilkomst. Vegutløyising kan sikre busetnad og interesser knytt til næring og fritid for denne navnegarden. Det finst ikkje andre alternativ som gir kortare skogsbilveg frå Tybergnes til Fv.57 dersom ein skal ha trafikkikker avkjørsel med god sikt i begge retningar.

### **Eit betre alternativ for fleire eksisterande bustader**

Få meter nord for den planlagde avkjørselen ligg bustadhuset gnr.118 bnr. 10/15 som vil få ein sikrare avkjørsel ved å kople seg på skogsbilvegen.

Seinare etter at Fv.57 er oppgradert med ny utviding og ny gang og sykkelveg, vil det vere mulig å kople på alle bustader på Tjukketla som ligg på austsida av Fv.57. Det er også mulig å kople på bustader på Rosnes som i dag nyttar avkjørsel ved nordenden av Tjukketlevatnet. Denne avkjørselen ligg i eit område der det har skjedd fleire alvorlege trafikkulukker.

### **Skog**

Skogsbilvegen slik den er planlagd, vil gi tilkomst for å ta ut skog for 8 bruk, eit på Tjukketla, fire på Rosnes, og tre på Tybergnes. Det er snakk om skog som er planta særleg på 1950-talet og som er klar for felling.

### **Tilkomst til naust**

Gardsbruka på Tjukketla har nausta på austsida av Rossnesvågen. Skogsbilvegen vil gi betre tilkomst.

### **Tilkomst til hytter**

Det er fleire hytter i området som kan ha nytte av skogsbilvegen

### **Mulige nye bustadtomtar aust for Fv.57**

Underteikna har gitt innspel til kommunedelplanen med tanke på å endre eit område aust for Fv.57 frå LNF til bustadtomtar. Dersom dette blir ein realitet kan den aktuelle avkjørselen vi søker om brukast.

Bergen 25. juni 2016

Asgeir Hell e/Grunneigar gnr.118 bnr.2



## Statens vegvesen

Asgeir Helle  
Cappes vei 16  
5018 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/30994-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
03.01.2017

### Førehandstilsagn – Mellombels jordbruksavkøyrsløse på Fv 57 frå gbnr 118/2 i Lindås kommune

Vi viser til tidlegare kontakt i saka.

Statens vegvesen har motteke søknad frå Dykk om etablering av jordbruksavkøyrsløse på Fv 57. Vi ser å kunne imøtegå denne søknaden med eit førehandstilsagn der vilkåra for realisering er lagt til grunn. Vi gjer merksam på at vi legg opp til ein mellombels bruk

#### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast mellombels bruksløyve for ei landbruksavkøyrsløse under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: Fv 57 - hp 5 - km 01872 /gnr. 118 bnr. 2 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadsplichtige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt tiltak før endeleg godkjent avkøyrsløse frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdatab.no.
4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrslar.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 90 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på veggen, målt 10 meter frå avkøyrslapunktet, skal vere minimum 100 meter. Eventuelle planter o.l. i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Frisikta skal ordnast i begge retningar.
6. Svingradius skal vere 9 meter (diameter 18 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt naudsynte kummar.
9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
10. Dersom rekkverk skal flyttast eller endrast som følgje av utbetring av avkøyrsla så må det gjerast i samsvar med krava i vegnormalen handbok N101.
11. Det kan påreknast mellombels avkøyrslar i inntil 3 år.

### Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 16/30994 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

### Vidare saksgang

Dersom det er spørsmål knytt til avkøyrsla ta kontakt med Frode Aarland på tlf 55516459

Når avkøyrsla er opparbeid etter krava ovanfor, skal det takast kontakt med Statens vegvesen for synfaring og eventuell godkjenning. Dokument på ei eventuell godkjenning av mellombels jordbruksavkøyrslar vert sendt søkjar med kopi til Lindås kommune

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

## Innkomne merknader januar 2015

1. Hordaland fylkeskommunen
2. NVE
3. LindåsTomteselskap
4. BKK
5. Lindås Bygdelag
6. Torstein og Liv Søland
7. Olav-Kåre Tykkhelle
8. Lillian\_& Audun\_& Torbjørn\_Leknes
9. Rebnord\_Valle
10. Helge Ranbjør
11. Henrik Lindås
12. Ottar Rosnes
13. Westland hotel - Ard\_Arealplan
14. Torill og Arvid Soltveit
15. Jostein Hellestveit
16. John Tore Mellingen
17. Roald\_Haugsdal
18. Harry\_Mikal\_Rosnes
19. Thomas\_Vågenes
20. Øyvind\_& Liv\_Marit\_Hope
21. Asgeir Helle
22. Inger Johanne Fjellanger
23. Helge Fjellanger
24. Synneve Lauvås
25. Fylkesmannen i Hordaland

## Innkomne merknader januar 2017

- | 01 Helge Rambjør
- | 02 Benedicte F Johnsen
- | 03 Rissundet velforening
- | 04 NGIR
- | 05 Bente Sebak
- | 06 Fylkesmannen i Hordaland
- | 07 Telenor
- | 08 Rune Hope
- | 09 Andrius Baliunas
- | 10 NVE
- | 11 Westland hotel - Ard arearplan
- | 12 Halle Lauvås
- | 13 Kystverket
- | 14 Annette Tvedt
- | 15 SVV - Plan og forvaltning
- | 16 Ottar Lauvås
- | 17 Knut Kårdal
- | 18 Øyvind Hope
- | 19 Jostein Hellestveit
- | 20 Arve Mongstad
- | 21 Kjell Åge Rosnes
- | 22 Hordaland fylkeskommune
- | 23 Ragnhild Jensen
- | 24 Olav-Kåre Tykhelle